



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for plan og næring
Møtestad	Skjerjehamn
Møtedato	26.06.2014
Kl.	Kl 09:00

Faste medlemmer til stades:

Hilmar Høl Ap
Arve Helle Ap
Jorunn Eide Kirketeig Ap
Karen Marie Hjelmeseter Sp
Aleksander Øren Heen Sp
Rita Navarsete Frp
Klaus Iversen V
Olav Klungre Krf

Forfall til møtet:

Bjørn Hollevik H

Varamedlemmer til stades:

Det møtte ikkje vara for Bjørn Hollevik H

Til stades med møte- og talerett:

Svein Arne Skuggen Hoff og Endre Høgalmen

Sekretariat for møtet:

Endre Høgalmen

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 27.05. vart godkjend utan merknader.

Munnleg orientering:

Orientering ved ordførar Hallvard Oppedal

Drøfting kring budsjettarbeidet

Diverse orienteringar frå Plan- og samfunnsavdelinga

- Utviklingsavtale med HAFS v/Arve Helle
- Natur- og kulturpark v/Svein Arne Skuggen Hoff

Bedriftsbesøk etter eige program

**SAK 49/14 Skriv og meldingar, Hovudutval for plan og næring
25.06.2014**

- 1: Korrigering av føremålet til Botnaneset Industriselskap AS
- 2: Vedk. rutetilbod med ekspressbåtane på kysten
- 3: Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaminga av akvakultursøknader
- 4: Søknadsgebyr akvakulturforvaltning
- 5: Vedr. spørsmål om gebyrinntekter fra søknader i akvakulturforvaltningen
- 6: Utbetalingsanmodning 2013 - 2 (Sluttutbetaling)

SAK 50/14 Tettstadforming 2014 - ny vurdering av Sogndal

Frå fylkesdirektøren for plan og samfunn låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren for plan og samfunn rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutvalet for plan og næring har vurdert søknaden frå Sogndal kommune om tilskot til fjordsti på nytt, og held fast ved prioriteringa i sak 36/14. Søknaden vert prioritert bak dei som er tildelt midlar i 2014.
2. Hovudutvalet finn ikkje at det er att andre frie ressursar som gjev grunnlag for å støtte søknaden.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

Avrøysting:

Framlegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Saka vert utsett
